


Aurland Bestandsplanområde



Bestandsplan 2021 - 2023

Føreord

Dette er Aurland hjorteutval sin plan for Aurland Bestandsplanområde for treårsperioden 2021 - 2023. Planen er ei skildring av status, i tillegg til tiltak for å nå ynskte målsettingar.

Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen. Jakta føregår i valda slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på. Valda kan om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde, men då må det ligge føre ein skriftleg avtale.

Innhald

Føreord

1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik

2. Planperiode

3. Målsetting

4. Organisering

5. Status

5.1 Arealbruk og områdeavgrensing

5.2 Bestandsutvikling og status

5.3 Irregulær avgang

5.4 CWD, prøvetaking, kjeveinnsamling,

6. Handlingsdel

6.1 Avskytingsmodell

6.2 Fordeling av kvoten

6.3 Avgjerslegrunnlaget

7. Rullering av planen


1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik

Aurland bestandsplanområde dekkjer heile Aurland kommune. Ein legg til grunn 323469 dekar teljande areal. Det er total 54 godkjende hjortevald innafor planområde i varierende storleik, 44 av desse er medlemmer i Aurland bestandsplanområde.

Vald id	Valdnavn	Medlem	Teljande areal hjort
1421V0013	Norheimsdalen	X	26399
1421V0015	Horten	X	1903
1421V0016	Nedberge	X	4803
1421V0017	Vetlenedbergane	X	1003
1421V0018	Skjerdal	X	7245
1421V0019	Volda	X	1218
1421V0020	Aas	X	2446
1421V0021	Bjørge	X	1080
1421V0022	Turlid/ Skaim	X	5073
1421V0023	Terum	X	4268
1421V0024	Steine	X	2368
1421V0025	Øyum/Veum	X	8108
1421V0027	Midje	X	3200
1421V0028	Bjelde		6483
1421V0031	Vetledalen	X	1771
1421V0033	Østerbø		2962
1421V0039	Fretheim	X	4009
1421V0040	Indrelid	X	3792
1421V0041	Dalsbotn/Haglum	X	4310
1421V0043	Thunshelle	X	2387
1421V0044	Bergkvam	X	2973
1421V0045	Melhus	X	3404
1421V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	X	5723
1421V0048	Vidme	X	2131
1421V0052	Kamben/Rudningen	X	1879
1421V0053	Hjellum	X	1094
1421V0054	Underdal	X	25013
1421V0055	Stegen	X	2793
1421V0056	Styvi		13738
1421V0057	Tufto	X	1011
1421V0058	Skjerpi	X	4534
1421V0059	Hemre		2048
1421V0060	Gudvangen		2531
1421V0061	Bakka/ Tufte vest		8296
1421V0062	Dyrdal storvald		4994
1421V0063	Stundalen	X	3798
1421V0064	Hylland		6903

1421V0065	Sjh/Lunde	X	1620
1421V0066	Ramsøy	X	5004
1421V0067	Skålo	X	1424
1421V0068	Berekvam	X	1213??
1421V0070	Myrdal	X	2658
1421V0071	Skori		1316
1421V0072	Frivollen		2090
1421V0074	Flenjane	X	3280
1421V0076	Brekke/Frondalen	X	16673
1421V0077	Øvre Flåm	X	11736
1421V0086	Uppsete	X	2596
1421V0090	Kvam	X	1235
1421V0091	Liahovden	X	26460
1421V0092	Kvammadal	X	1223
1421V0097	Geisme/Seltuft	X	6032
1421V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	X	2897
1421V0100	Nesbø/ Holmen	X	3015
Totalt daa			323469

Tabell 1: Valdoversikt Aurland Bestandsplanområde, dekkjer heile kommunen.



Figur 2. Kart over Aurland bestandsplanområde for hjort

2. Planperiode

Aurland hjorteutval søker om godkjenning av ein treårig bestandsplan for tidsrommet 2021 - 2023 for forvaltning av hjorten i område.

3. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskt utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal og ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Aurland hjorteutval ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmane i bestandsplanplanområde.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigaranes bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar. Aurland kommune har laga eit måldokument for hjorteforvaltninga i kommunen. I kapittel 3. (Mål) Står det følgjande:

"Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgong, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta"

Miljødirektoratet og Mattilsynet har på grunn av funn av Skrantesjuka (CWD) på villreinen i Nordfjella villreinområde sone 1, pålagt kommunane å meir enn halvera bestandane av hjortevilt kring Nordfjella sone 1. Dette byrja me med i 2017 og Aurland hjorteutval meiner me har nådd målet om halvering, så no gjeld det å halda oppe avskytinga med mål om meir enn halvvering av bestanden.

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er framleis ein svak reduksjon av hjortestamma, i planperioden skal me redusera sett hjort pr. jegertime frå 0,17 i 2020 til 0,15 i slutten av planperioden. Dette fordi ein skal minske risikoen for smitte av CWD til hjortevilt.

Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden, ikkje over 1,4 kolle pr bukk i sett-hjort statistikken.
- Legge tilrette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Reduksjonen i hjortestamma skal omfatta heile kommunen, men skal fyrst og fremst skje i dei valda som grensar til Nordfjella villreinområde sone 1, nord for Aurlandsvassdraget.
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga, målsetning på 100 % oppslutning på sett-hjort registreringane.

4. Organisering, drift og økonomi

Det er valda i område som er medlem i Aurland Bestandsplanområde, og vert representert gjennom valdsansvarleg representant. Bestandsplanområde skal driva med hjorteforvaltning innafor område, og medlemmane har skrive under på samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Om det er trong for det, kan løyver flyttast mellom vald, då er det krav om skriftleg samjaktavtale. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen.

Aurland bestandsplanområde vert drive av styret i Aurland hjorteutval, og det er styret som driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta i årsmøte. Bestandsplanområde engasjerer eigen sekretær for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad.

5. Status


Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Sett hjort har vore nytta i Aurland i nokre år, no byrjar oppslutnaden å bli bra. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata og lokalkunnskap.

5.1 Arealbruk og områdeavgrensing


Aurland bestandsplanområde legg til grunn ei områdeavgrensing for planområde som tilsvarar Aurland kommune. Hjorten nyttar arealet i planområde noko ulikt og i grender med aktiv drift av innmarka til gras, frukt/bær og grønsaker er tettleiken større enn i andre delar.

5.2 Bestandsutvikling og status

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort og lokalkunnskap. Sett hjort materialet er sårbart for feil og ein skilde ekstremobservasjonar, og ein legg på generelt grunnlag til grunn at ein bør ha over 1000 N (Observasjonar) før ein kan trekke konklusjonar frå registreringa. Presisjonen vert betre med aukande tal observasjonar. Dei 8 siste åra er det registrert langt over 1000 hjort i materialet kvart år.




Figur 1 syner fellingstala i Aurland dei siste 13 åra.



Figur 2. Syner utvikling av sett hjort per jegertime og antal jegertimar.

Desse tala er som nemnd usikre, men om ein ser på dei siste 8 åra, kan det sjå ut som om det er ein stabil nedgang i bestanden, ein kan og sjå att innsatsen for å fella meir har auka.



Figur 3.


Styret i Aurland bestandsplanområde meiner me har ein del innvandring av unge hanndyr frå andre kommunar. Dette er noko me har erfaring frå og som vart stadfesta av Hordahjortprosjektet. Historisk har det vorte felt rundt 60% hanndyr, likevel har me i i sett hjort materialet dei siste 8 åra i gjennomsnitt 1,16 kolle pr. bukk

Hjorteutvalet har jobba for auka bruk av sett-hjort. Målet er at 100% av jaktinga skal rapporterast som sett-hjort, me er nesten der. I 2020 vart det registrert 277 felte dyr i Hjorteveltregisteret mens det vart registrert felt 291, manglar kun 14 fellingar.




Figur 4. Jaktrykk.

Statistikken viser igjen att me skyt meir av det me ser, det kan bety att det er færre dyr i liane, men det kan og bety att jegrane er meir effektive, bruken av temiske hjelpemiddel kan spela inn her. Denne tabellen kan og brukast som argument mot frie løyve, det er lettare å ta ut store dyr enn kalv/ ungdyr.



Figur 5. Syner prosentvis utvikling av skotne dyr i Aurland fordelt på kjønn

Me har lege høgt på hanndyrkvoten i alle år, men fig.3 syner att me har bra med bukk i bestanden.



Figur 5. Syner korleis dei skotne dyra fordelar seg på kategoriane hanndyr/hodyr og kalvar/ungdyr vs vaksne dyr

I forhold til avskyting av ungdyr i forhold til voksne ligg me dårleg an, målet er 60% kalv/ ungdyr i fellingane me låg på ca. 49% i 2020. Det betyr att me har mindre produksjonsdyr i bestanden, men me har bra med hanndyr, det gjer att det kan vera lettare å regulera stamma fordi det er mindre voksne koller som kjem med kalv. Men det vil vera fleire ungdyr som kjem med kalv og dei kalvane er vanlegvis mindre og gjennomsnittsvektene vil gå ned, det og får me indikasjonar på i statistikken, men det er altfor få dyr som er vegt nøyaktig til å sei att vektene er på veg nedover. Men for å vera føre var her vil det vera lurt å leggja meir av avskytinga på kalv/ ungdyr.

5.3 Irregulær avgang

Irregulær avgang i hjortebestanden kan vera knytt til møter mellom hjort og bil, det har ikkje vore noko stort problem i Aurland. Hjorteutvalet vil jobba for at dette ikkje vert endra på i framhaldet.

Det som har ein del å bety er irregulær avgang knytt til dødleghet om vinteren. Aurland har mange bratte lier mot fjorden, vert hjorten låst der, viser det seg att me har stor dødleghet nokre år. Under jakta 2017 og vinteren 2017-18 daua kanskje så mykje som opp mot 40 % av bestanden, det er berekna utifrå sett-hjort statistikken. Det vart registrert over 100 daude hjortar vinteren og våren etterpå, men det er mykje me ikkje finn. Dette må me prøva ta inn i planarbeid, helst registrera nokre faste ruter og laga statistikk av det.

5.4 CWD prøvetaking, kjeveinnsamling.

Dei siste åra har alle voksne dyr vorte teke CWD prøve av. Det er jegrane sjølve som gjer dette og sender inn for testing. Det er ikkje funne CWD i prøvane frå hjort og elg i Aurland.

Aurland hjorteutval har plan om kjeveinnsamling kvart 3. år, det siste året i planperioden. På grunn av skranesjuka har NINA ynskje om kjeveinnsamling kvart år. Det har vorte gjennomført og innsamlingsplassen har vore ved Fiskehuset på Fosshheim. Dette fungere greitt, og dei fleste jegrar fylgjer dette opp. Dette vil på sikt vera eit godt verkemiddel for å sjå på kondisjonen til bestanden.

Oppsummering:

Aurland hjorteutval meiner hjortestamma er sunn og frisk og at det er samsvar med det ein kan lese i talmaterialet og det vi ser i skogen. Bestanden har etter vårt syn minska monaleg dei siste åra, det er ei planlagd utvikling for å møte Viltstyresmaktene sitt krav om meir enn halvering av bestandane kring Nordfjella etter funn av CWD. Det er bra med hanndyr i

bestanden, men me må leggja meir av avskytinga på kalv/ ungdyr for å halda slaktevektene oppe.

Aurland hjorteutval ser att jegrane i aukande grad tek i bruk hjelpemiddel som termiske kikertar. Dette kan føra til att jaktinga vert meir effektiv, ein tek ikkje jag i lia utan att ein ser dyr med varmesøkande kamera. Dette er ikkje nødvendigvis noko problem, men det kan føra til att det vert lagt inn tal i sett hjort statistikken som viser att det er fleire dyr enn det eigentleg er i liane. Dette er viktig å ta med seg vidare, sett hjort statistikken må berre brukast i lag med andre hjelpemiddel som eksempel fellingstal og lokale innspel for å anslå status.

6. Handlingsdel

Det er CWD problematikken som vil leggja den største føringa for avskytinga i denne planperioden og. Me legg opp til ein svak reduksjon i hjortestamma denne planperioden.

Førre planperiode fekk me godkjent desse verkemidla:

- Dobling av kvotane på valda som har grense inn mot sone 1 Nordfjella villreinområde.
- Frie løyver.
- Fri kalvakvote.
- Utvida jakttid frå 15. august til 23. desember og 1. januar til 31. januar.
- Uttransport med helikopter i regi av Statens naturoppsyn, søndagar i september-oktober.
- Fellingsstimulerande midlar der ein kan søka på til tiltak som kan auka fellingane.

Viss me ikkje tek i bruk desse verkemidla vil me truleg ikkje nå kravet frå Viltstyresmaktene om bestandsreduksjon. Det som er utfordringa for bestanden no, er å leggja meir av avskytinga på kalv og ungdyr. Dette for å halda på slaktevektene og leggja opp til ein god struktur i stamma. Aurland hjorteutval har framleis mål om ikkje over 1,4 kolle pr. bukk i sett hjort matriale, minst 60% kalv/ ungdyr og 60% hanndyr i fellingane. Det er valda sjølve som må ta tak og prøva nå desse målsetningane.

Det som er utfordringa no er å halda motivasjonen til jegrane oppe. Mange av valda i utkantane har opplevd ein stor nedgang i bestandane, mange har stort sett berre hanndyr å jakta på. Når ein skal auka fellinga av kalv/ ungdyr må det skje i dei valda hjorten oppheld seg i. Desse valda må ta større ansvar for å fella kalv/ungdyr enn utkantvalda, og dei bør fella færre vaksne dyr. Viss ein kan få ein felles forståelse for dette kan det auke motivasjonen til jegrane om å forvalta ein bestand.

Når planperioden er over, er truleg smitterisikoen for CWD minska og me planlegg å gå attende til ein meir målretta avskytingsmodell.

6.1 Avskytingsmodell

Aurland hjorteutval søker om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2021 – 2023, med ei årleg kvote på 384 dyr, til saman 1152 løyve for heile planperioden. Dette er rekna ut på bakgrunn att alle valda som ligg nord for Aurlandsvassdraget får dobla kvoten sin. Me reknar med att ca 50% av fellingskvoten blir felt ca 200 dyr i året.

<u>Vald id</u>	<u>Valdnavn</u>	<u>Areal</u>	<u>50% auke</u>	<u>Tildeling</u> <u>årleg</u>
1421V0013	Norheimsdalen	26528	x	52
1421V0015	Horten	2267	x	4
1421V0016	Nedberge	4538	x	8
1421V0017	Vetlenedbergane	1003	X	2
1421V0018	Skjerdal	7245	X	14
1421V0019	Volda	1218	X	2
1421V0020	Aas	2446	X	4
1421V0021	Bjørgo	1080	X	2
1421V0022	Turlid/ Skaim	5073	X	10
1421V0023	Terum	4268	X	8
1421V0024	Steine	2368	X	4
1421V0025	Øyum/Veum	8108	X	16
1421V0027	Midje	3200	X	6
1421V0028	Bjelde	6483	x	12
1421V0031	Vetledalen	1771		1
1421V0033	Østerbø	2962	x	4
1421V0039	Fretheim	4009		4
1421V0040	Indrelid	3792		3
1421V0041	Dalsbotn/Hauglum	3908		3
1421V0043	Thunshelle	3160		3
1421V0044	Bergkvam	2973		2
1421V0045	Melhus	3404		3
1421V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	5723		5
1421V0048	Vidme	2131		2
1421V0052	Kamben/Rudningen	1879		1
1421V0053	Hjellum	1094		1
1421V0054	Underdal	25013		25
1421V0055	Stegen	2793		2
1421V0056	Styvi	13738		13
1421V0057	Tufto	1011		1
1421V0058	Skjerpi	4534		4
1421V0059	Hemre	2048		2
1421V0060	Gudvangen	1996		1
1421V0061	Bakka/ Tufte vest	8296		8
1421V0062	Dyrdal storvald	49942		49
1421V0063	Stundalen	3798		3
1421V0064	Hylland	6903		6

1421V0065	Sjh/Lunde	1620 x	2
1421V0066	Ramsøy	5004	5
1421V0067	Skålo	1424 x	2
1421V0068	Berekvam	1213 x	2
1421V0070	Myrdal	2658	2
1421V0071	Skori	1316 x	2
1421V0072	Frivollen	2090	2
1421V0074	Flenjane	3280	3
1421V0076	Brekke/Frondalen	16673	16
1421V0077	Øvre Flåm	11736	11
1421V0086	Uppsete	2596	2
1421V0090	Kvam	1235 x	2
1421V0091	Liahovden	26460	26
1421V0092	Kvammadal	1223 x	2
1421V0097	Geisme/Seltuft	6032	6
1421V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	3191 x	6
1421V0100	Nesbø-Holmen	3015	6
Totalt daa		323469	387

6.2 Fordeling av kvoten

Valda/medlemene får tildelt heil kvoten for heile planperioden som frie løyve, i tillegg er det fri kalvakvote.

6.3 Avgjerslegrunnlaget

For at avgjerslegrunnlaget for forvaltning av hjort i bestandsplanområdet skal verte godt, vil ein framleis ha fokus kvaliteten på sett-hjort registreringane. Aurland hjorteutval vil oppmode alle om å vega alle dyr nøyaktig og leggja det inn i Hjorteviltregisteret.

7 Rullering av planen

Styret/hjorteutvalet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på årsmøte før endeleg godkjenning.

Aurland mars 2021

Aurland hjorteutval

